


Samhandling


**Kva faglege og organisatoriske element er viktige
for at (akutt) tenestene i psykisk helse og rus
skal kunne fungere optimalt?**

Kari Krogh, kommunalsjef




Kommunane sitt samarbeid med Nordfjord psykiatrisenter

- Lang tradisjon i likeverdig samarbeid
- NPS har arbeidd utadretta sidan oppstarten i 1991
- Fagpersonar i kommunane og ved NPS kjenner kvarandre (sine ressursar og tenestetilbod) godt
- Brukarmedverknad står heilt sentralt
- NPS har vore, og er, ein viktig base og sentrum for utviklingsarbeid og kompetansebygging i Nordfjord



Samarbeidsfora systematikk og kontinuitet

- Faste, årlege samarbeidmøte, 1-2
- Fagdagar, 2-3, eller etter behov
- Rettleiingstilbod til kommunane
- Psykiaterdagar i kvar kommune, 1 dag pr månad sidan 1990



Haldningar og kultur

- Felles forståing, samarbeid sidan 1990: planarbeid i kommunane, t.d. metodikk for kartlegging av behov (psykiater/avdelingsoverlege ved NPS Torleif Ruud)
- Likeverd i samarbeidet, same grunntanken i tenestene i dag som i 1990
- Vidareutdanning lokalt sidan 1996:
Psykosebehandling (60 studiepoeng), og seinare kognitiv terapi (30 + 30 studiepoeng)
- Vidareutdanning i psykisk helse, Høgskulen i Sogn og Fjordane. Mange har teke denne utdanninga



Tilgjenge og støtte ved behov

- **Kompetanse:** Utfordringane i kommunane er krevjande, og det er behov for ulik kompetanse i ulike opplegg og situasjonar. Kompetansen må raust delast mellom første- og andrelinetenesta
- **Tryggleik:** Dårlege pasientar bur i eigne heimar/omsorgsbustader. I periodar har både pasientar og tilsette behov for eit pusterom. DPS har ei viktig rolle også i denne samanhengen
- **Støtte:** Kommunane opplever at det er stor avstand til psykiatrisk klinikk. Kommunane etterlyser ei betre forståing for kommunal tenesteyting og utfordringar i kommunane

